

«Tulla på stigen»

- om Dorothea Platou Fischer og ein nekrolog som aldri vart skriven

ALF TORE HOMMEDAL

Avisa *New York Times* bestemte seg i 2018 for å byrja å skriva nekrologane som aldri vart skrivne. Etter avisas meining hadde status, hudfarge eller kjønn for mange stengt døra til historiebøkene og den anerkjenninga som også ein nekrolog ville ha gjeve.¹




Fig. 1 | Tulla og Gerhard Fischer i september 1961 ved gjenopninga av den nyrestaurerte Håkons-hallen. Etter eksplosjonen i 1944 hadde ekteparet Fischer vore dei heilt sentrale aktørane i den bygningsarkeologiske undersøkinga av hallen. Foto: Riksantikvaren.

Tankane førte meg til Dorothea Platou Fischer (1903–1992), gjerne kalla Tulla, kunsthistorikaren som arbeidde eit heilt liv i teneste for kulturminnevernet, men som på mange måtar fall i skuggen av mannen og medarbeidaren, arkitekten Gerhard Fischer (1890–1977). Då han døydde, vart mange vel fortente og rettmessige nekrologar førte i pennen, også i det som var hovudårsskriftet for norsk bygningsvern, Fortidsminneforeningens årbok. Vel eit tiår seinare, ved hundreårsmarkeringa i 1990 for Gerhard Fischers fødsel, vart også ei heil årbok vigd til hans minne. Tulla Fischer vart der sjølv sagt omtala og sett ære på i samband med arbeida til mannen, og kanskje er dette med på å forklara at ingen nekrolog kom i Fortidsminneforeningens årbok då ho sjølv døydde to år etterpå. Men i så fall vart ho også då ståande i skuggen frå mannen. Så vidt eg kjenner til, vart det i 1992 ikkje skrivne ein

einaste nekrolog over Dorothea Platau Fischer, trass i hennar store innsats for kulturminnevernet. Tida er med andre ord overmogen for ein nekrolog over Tulla Fischer (fig. 1).

Tulla

Dorothea Stoud Platou vart fødd 23.09.1903 i Drammen der foreldra etablerte seg etter at faren, Theodor Christian Stoud Platou (1858–1942), var blitt amtmann (seinare fylkesmann) i Buskerud (1902–28). Mora, Helene Boe (1874–1957) var frå Arendal der familien i alle år hadde ein landstad. Dit måtte Tulla kvar sommar for å møte storfamilien og for å bada i sjøen. Gerhard følgde lojalt med etter at han kom inn i biletet.²

Dorothea Stoud Platou var mellom dei første kvinnelege kunsthistorikarane i Noreg og elev av professor Carl W. Schnitler ved Universitetet i Oslo. Der tok Tulla i 1927 magistergraden på ei avhandling om den skotsk-norske bilthoggaren Anders Lauritzen Smith, som på andre halvdel av 1600-talet etablerte seg i Stavanger, og der den barokke preikestolen i Stavanger Domkirke står som hovudverket hans. Forskingsresultata var så sentrale at Stavanger Museum i 1928 publiserte avhandlinga som Stavanger Museums skrifter nr. 3. Arbeidet vart i vidare forskning nytta av kollegaer i diskusjonen rundt mellom anna den såkalla Stavanger-renessansen og om Stavanger Domkirke.³ Når Tulla seinare stod på stigen ved Stavanger-katedralen (fig. 2) var det dermed alt «kjende trakter» ho for sin del var på.


Tulla hadde museumserfaring frå Norsk Folkemuseum, ho arbeidde i ei årrekkje som amanuensis ved Kunstindustrimuseet i Oslo og var også engasjert i utstillingsverksemd.⁴ Denne erfaringa bygde ho seinare på då Gerhard Fischer mellom 1938 og 1960 formelt sett var tilsett som konservator og seinare førstekonservator ved Oldsakssamlinga i Oslo, altså dagens Kulturhistoriske Museum. For det var i stor grad Tulla som utførte dei museale pliktene knytte til stillinga. Saman skapte dei også mellomalderutstillinga som stod i museet mellom 1945 og 1979.

Tulla Fischer døydde den 25.08.1992, 88 år gamal. Dorothea og Gerhard Fischer ligg gravlagde på Fischer-familien sin gravstad ved Birkeland kirke, Nesttun i Bergen.

Forskarparet Fischer

Etter at Dorothea Stoud Platou og Gerhard Fischer gifte seg i 1932, gav Tulla Fischer opp sin eigen fagkarriere. Ho kom i dei følgjande 45 åra til å vera den næraste medar-

Fig. 2 | «Tulla på stigen» I. Gerhard sit trygt og peikar medan Tulla, som slett ikkje var redd i høgder, tek profilmåla sine. Men i den publiserte versjonen av oppmålinga (Fischer 1964, Pl. IV) er der signert «Opmålt 1939-41. Gerhard Fischer». Det er kanskje også typisk for tida at det på baksida av fotoet er ført på «Arkitekt G. Fischer & assistent i ferd med å måle buen over døren i Stavanger Domkirke». Med anna hand og penn er det lagt til «Foto: Jan Brodahl, Steingt. 1». Fotoet låg inne i eksemplaret av Norske kongeborger, Bind I (1951) som eg i 2011 kjøpte i Bokbyen Fjærland. Bindet ber Gerhard Fischer sin dedikasjon til svigermora (Helene Boe Platou).



beidaren for Gerhard Fischer. I denne tida tok ho del i så å seia alt det grunnarbeidet som forkinga hans bygde på. Forkinga var resultat av årvisse reiser rundt om i landet med bygningsarkeologisk feltarbeid, for det meste knytte til restaureringsprosjekt i regi av Riksantikvaren. Like viktig som forskarparet sine forskingsresultat var dermed det store dokumentasjonsmateriale dei over tid opparbeidde, om Nidarosdomen og Erkebispegården i Trondheim, Bergenhus i Bergen, domkyrkja i Stavanger og klostera på Halsnøy og Utstein, for å nemne nokre av dei anlegga dei arbeidde mest med. Dokumentasjonen, gjerne kalla «Fischer-materialet» og no samla i Riksantikvarens arkiv, omfattar dagbøker, oppmålingsteikningar, foto, rapportar, korrespondanse og presseoppslag. Bygningsfragment og gjenstandar som vart samla inn, materiale som no er ved dei arkeologiske landsdel-smusea som Universitetsmuseet, var det heile tida Tulla som tok seg av.

Tulla og Gerhard fekk ingen born saman, men dei vart velsigna med *åndelige born i Herren*, som Gerhard uttrykte det. Eit av desse, arkitekten og arkeologen Håkon Christie, har i nekrologen sin over Gerhard Fischer framstilt Tulla sin innsats slik: *Hun.... foretok arkeologiske utgravninger, foresto oppmålingsarbeider og tilrettela materialet for den vitenskapelige behandling. Hun jevnet veien for ham og sørget for at han fikk de beste arbeidsvilkår....*⁵ Kollegaen og arkeologen Sverre Marstrander ved Oldsaksamlinga følgjer i sin nekrolog opp: *'Tullas' andel i Gerhard Fischers vitenskapelige virksomhet lar seg vanskelig måle, men vi kan trygt si at hennes innsats har vært av vesentlig betydning for realiseringen av det imponerende livsverk han kunne se tilbake på. Eller som Wilhelm Swensen engang skrev: - hun ryddet stener fra hans sti – naturligvis bortsett fra de arkeologiske verdifulle.'*⁶ Slike verdifulle steinar, arkeologiske arkitekturfragment frå Bergenhus, er noko av det mest konkretet som samlingane ved Universitetsmuseet i Bergen har frå Tulla og Gerhard Fischer sine hender.

Det har vore sagt at utan Tulla Fischer hadde der heller ikkje vore nokon Gerhard Fischer. Sjølv om det kan vera noko i utsegna, må vi likevel hugsa på at Gerhard Fischer alt hadde meir enn 15 års arkeologisk karriere bak seg då Tulla kom inn i biletet. Men utan tvil spora ho mannen til auka arbeidsinnsats. Gerhard var også fullt ut klar over at Tulla hadde lagt vekk sin eigen forskarkarriere på barokken for å bli med til hans karriere på mellomalderen. Kanskje også av denne grunnen var Tulla så høgt verdsett av Gerhard og på alle plan heilt unnnverleg for han. Eller som kollegaen deira Sigrid Christie



Fig. 3 | «Tulla på stigen» II. Gerhard Fischer har gjeve ansiktstrekk til statuen av Kong Ussia på Nidarosdomens vestfront, modellert av Sivert Donali i 1968 og hoggen 1972–73 av Axel Rønning. På basen er Tulla Fischer komen med i karaktéristisk positur, også fanga på fotoet frå Stavanger Domkirke. Då kong Ussia kom på plass på Vestfronten i 1973, var både Gerhard og Tulla framleis aktive og har venteleg hatt sansen for monumentet som romma dei begge. Foto: Morten Dreier, CC BY-SA 2.5.

har uttrykt det: *'Mitt liv begynte med Tulla' kunne Gerhard si, og alle visste at det var sant.*⁷

På mange måtar er forskingsarbeida etter 1932 ikkje Gerhard Fischer sine, men arbeida til forskarparet Fischer. Likevel blir Tulla alltid berre takka i forordet til publikasjonane, der Gerhard står som eineforfattar. I to-bindsvetket om Nidarosdomen (1965) har Gerhard Fischer i forordet ei forklaring på dette: *Min hustrus medfødte beskjedenhets* og det at Gerhard har ført forskingsresultata i pennen; det er forklaringa på at *hennes navn ikke står på titelbladet*. Argumentasjonen kan med vår tids krav til synleggjering av akademisk opphavsrett verka merkeleg, då all tekst ført i pennen, byggjer på meningsutvekslingar mellom dei to og dermed er eit resultat av begge sine tankar. Men i tida, og for dei to, vart Tulla tydelegvis representert gjennom Gerhard. Det vart i forordet framheva at ho også hadde teke aktivt del i sjølve bokproduksjonen, t.d. med illustrasjonane og med all ombrekkinga, og *min hustru* presenterer eigne delkapittel om steinhoggarmarke og tidleg-romanske bygningssteinfund.⁸ Der er rollene altså snudde om: Der var det ho som førte pennen, og sjølv om desse kapitla også utvilsamt byggjer på deira felles meningsutveksling og tankar, er det då Dorothea Fischer som står som eineforfattar for begge delkapitla. Det var først i den siste artikkelen publisert medan Gerhard levde, om Erkebispegården i Trondheim (1976), at Dorothea Fischer stod oppført som medforfattar på sjølve hovudarbeidet. I ein fotnote presiserer Gerhard Fischer då lett sjølvvironisk at undersøkingane var utførte i samarbeid med *min hustru*, så *Når jeg derfor bruker vi og våre undersøkelser er det ikke pluralis majestatis.*⁹

Tulla var ein viktig medarbeidar i felt for Gerhard. Det var gjerne ho som stod for utgravingane og oppmålingane, medan Gerhard tok seg av beskrivingane og alt som skulle noterast. Tulla kunne også gjera dagboksnotat, men dette var eigentleg berre i unnatak. Saman diskuterte dei seg gjentekne gonger gjennom problem og løysingsforslag rundt objekta som vart undersøkte. *Denne (oppmålingen) er som tidligere foretatt av min hustru mag.art. D.P. Fischer. Hun har samtidig undersøkt murflatene helt minutiøst, og sammen har vi praktisk talt over alt kunne konstatere skillet mellom de enkelte perioder fullstendig sikkert*, skriv Gerhard Fischer i eit brev av 30.07.1954 til Erkebispegårdskomiteen i Trondheim. Generelt sett var Gerhard kanskje mest oppteken av dei lange linene – Tulla hadde også sans for detaljane. Det var nok ho som hadde den største interessa for, og kunnskap om, dei arkitektoniske profilutformingane i vindauge og dører i mellomalderbygning-

gane (fig. 2).¹⁰ Kanskje var dette eit resultat av at ho tidlegare hadde vore oppteken av profilrikdommen i barokken.


Gjennom dagbøkene frå feltarbeida kan vi også treffa på sekretæren Dorothea Fischer. *T. (Tulla) maskinskrevet* er her ei setning som ofte går att, t.d. *Om kvelden skrevet ferdig resten av oversikten for 1957-58. T. maskinskrevet til kl. 1.*¹¹ Tulla tok seg som alt nemnt også av gjenstandsmaterialet som vart funne, og ho skreiv nummer på fotografia og filmane. Ho var til stades på komitémøta – bortsett frå når ho som vertinne serverte te og mat – og ho skreiv møtereferatet etter diktat. Ho var med andre ord den klare tilretteleggjaren på alle felt.

I Bergen er det særleg Bergenhus med undersøkingar av Håkonshallen, Rosenkrantzårnet og mellomliggjande areal og bygningsmassar som kan knytast til Dorothea og Gerhard Fischer si forskning. Fellesarbeidet deira der tok til alt i bryllaupsåret 1932 (fig.4), men hovudtyngda av undersøkingane kom som følge av øydeleggingane etter den katastrofale eksplosjonen i Bergen i april 1944. Etter Gerhard døydd i 1977, førte Tulla publiseringa av undersøkingane vidare, og i 1980 kom Bergenhus-publikasjonen med både Gerhard Fischer og Dorothea Fischer på tittelbladet. Før første og siste gongen var det dessutan Tulla som førte forordet i pennen for forskarparet.

Produkt av si tid

Mange vil nok i dag reagere på den sjølvoppofrande haldninga Dorothea Fischer hadde. Men ekteparet Fischer var truleg også på dette punktet eit produkt av si tid. For dei var det naturleg at frk. Dorothea Platou vart til «fru arkitekt Gerhard Fischer», som ho kan vera omtala som. I alle fall ser det ut til at Dorothea Fischer fann seg vel til rette i den rolla ho hadde i samarbeidet, sjølv om ho altså på mange måtar hamna i skuggen frå ektemannen og medarbeidaren. Sannsynlegvis var dette så sjølv sagt ut frå normene og haldningane i samtida, at ho sjølv ikkje ville ha det annleis. Dette veit vi ikkje, men eg kjenner ikkje til at ho sjølv skal ha ytra noko negativt om samarbeidsforma med ektemannen. Det vi derimot veit, er at dette forskarekteparet saman hadde ein imponerande arbeidskapasitet, der dei gjekk fullstendig opp i det dei dreiv med. For desse to var ikkje bygningsarkeologien og mellomalderforskinga eit yrke – det var ei livsform. Rundt forskarparet danna det seg eit fagmiljø som førte forskinga på monumentalbygningane frå mellomalderen vidare. I dag er synet på kvinner i academia, med rekruttering og roller, eit heilt anna enn då forskarparet Fischer etablerte seg for 90 år sidan. Venteleg hadde dei også i dag hatt eit godt fagleg samarbeid, men då nok meir som to likeverdige partnarar

Fig. 4 | «Tulla på stillaset». Dorothea Fischer, godt arbeidskledd, den 18. november 1939 ved nordveggen av Rosenkrantzårnet, Bergenhus. Fem månader seinare kom krigen, og alt bygningsarkeologisk arbeid stoppa opp til etter eksplosjonen i 1944. Kunnskapen innhenta i 1930-åra vart då viktig i det vidare bygningsarkeologiske arbeidet med det eksplosjonsskada tårnet. Foto: Gerhard Fischer ("Fischer-arkivet", Riksantikvaren).



Fot. 136. Rt. 1939. S.F.

med eigendefinerte rollar og karrierar, slik vi i vår tid ser det mellom ektepar i akademia – også ved vårt eige universitet og museum.

Sjølv fekk eg aldri oppleva Gerhard Fischer, men to gonger fekk eg som student koma heim til Tulla Fischer i villaen deira på Nordstrand i Oslo. Då hadde synet hennar svikta. Tulla las ved hjelp av ein stor leseskjerm. Men vertinneoppgåvene med servering av te og småkaker stod ho framleis for. Ho kunne også gleda seg over studenten som skulle arbeida med Olavsklosteret i Oslo, eit anlegg ektemannen Gerhard for det meste hadde undersøkt før ho sjølv kom inn i livet hans. Trass i svekt syn, greidde ho å skriva – med store, tydelege bokstavar (fig. 5). Fleire signerte Fischer-bøker i bokhylla mi gjer at eg stendig kan henta fram gode, personlege minne om denne store, vesle dama og den viktige innsatsen hennar i norsk bygnings- og kulturminnevern på 1900-talet.

Nekrologen er skriven!

Til Alf Tore Thommedal
med hilsen fra
Tulle Fischer.

Fig. 5 | Nokre helsingar og signaturar har ein ekstra stor affeksjonsverdi. «Har du denne», spurde Tulla Fischer meg for kvar bunke ho passerte av bøker der Gerhard Fischer stod som forfattar. Den unge studenten måtte vedkjenna at det hadde han ikkje. Dermed vart der fleire signerte bøker med heim til Bergen. Her frå signaturen i «Domkirken i Stavanger. Kirkebygget i middelalderen» (Fischer 1964).

1. Bratberg, 2019
2. Christie, 1990, s. 48.
3. Kloster, 1936; Stavanger Domkirke, 1933.
4. Christie, 1990, s. 48; Blindheim, 1990, s.80.
5. Christie, 1978, s. 7
6. Marstrander, 1978, s. 4.
7. Christie, 1990, s. 48.
8. Fischer, 1965, s. 8.

9. Fischer & Fischer 1976, s. 42, *pluralis majestatis*, kongeleg fleirtal.
10. Takk til ein annan av Tulla og Gerhard Fischer sine medarbeidarar, Ole Egil Eide, for denne opplysinga. Ho byggjer på Eide si eiga erfaring med forskarparet Fischer.
11. «Fischer-arkivet», Erkebispegården i Trondheim, dagbok II, s. 231. Riksantikvarens antikvariske arkiv.